

Uskedal Utvikling

Møtereferat



Dato: 29.04.2013

Stad: Kvinnherad Vekstbedrift

Deltakarar: Kristian Bringedal, Jan Erik Olsson, Finn Guddal, Alf Hjønnevåg, Hans Ordin Østebø

Referent: Hans Ordin Østebø

Styremøte

Generelt

Neste møte i UU vert 5. juni 2013.

Tema vert koordinering og status på sommaraktivitetane i bygda.

Representantar for Camping, båthamner, butikkar og restaurantar vert særskilt invitert.

Sak 20/2013 Møte med Kvinnherad Vekstbedrift (Lukka møte)

Eige referat.

UU skal utarbeida ei oversikt som syner kva kulturaktivitetar som er i Uskedalen.

Ansvar: Kristian og Hans Ordin

Status sak 12/2013 Oppgradering elektrisk anlegg og kjellar

Thaivogna er i drift og Jan Erik har målt dagleg forbruket til om lag 45kWh. For å forenkla vidarefakturering, vart styre einige om å nytta 1 kr. pr kWh. Dette dekker då forbruk og nettleige del. Det er så langt ikkje registret nemneverdig "rot" på uteområde, i samband med Thaivogna.

Kjellar er rydda ut.

Status sak 19/2013 Gode bustader i sentrum – Hordaland fylkeskommune

Kristian og Jan Erik har deltatt. Det vert gjennomgang av dette på neste møte.

Status sak 13/2013 punkt på Handlingsplan 2013

Medlemstal

Det vart etterlyst status på antal medlemmer som har betalt til nå i år.

Ansvar: Alf har klar ein medlemsstatus til neste møte.

Sponsorar

Faktura til sponsorane vert sendt ut i juni.

Ansvar: Alf



Turvegar

Norston har sponsa veggrus til turvegen over Dønhaug. Haugland maskin og Erlend Bjørenbøle sponsa utplanering.

Vegljos på Kjærlandssido til Dønhaug gardsbarnehage

Kristian har utarbeida ein søknad som er sendt til Kvinnherad kommune, der det vert bedt om at kommunen finn ei praktisk løysing og hentar inn pris på vegljos til denne traseen.

Sak 21/2013 Uskedal.no – sak om lavo

I saka om opning av lavoen på Skårhaug, kom det ikkje fram kven som har bidrige med pengar og material /utstyr. Dette er det komen negative reaksjonar på.

Styre einast om å laga ei ny sak på uskedal.no som synleggjer kven som har bidrige til lavoen. Samt frambringa ein takk til bidragsytarane.

Ansvar: Alf samlar inn info om bidragsytarane og sender dette til Hans Ordin, som legger dette ut på nettsida.

Sak 22/2013 Maling av Gamle skulen

Vasking skal utførast på dugnad. Det må leigast inn lift til dette arbeidet.

Maling av huset vert sett ut til eit malarfirma.